

# **Rettleiing for KOSTRA skjema 12 (SSB12)**

## **Stønadssatsar for økonomisk sosialhjelp 2022**

*Alle opplysningane i skjema skal fyllast ut på bakgrunn av situasjonen per 31. desember i rapporteringsåret. Det skal fyllast ut eitt skjema for kvar kommune.*

Kontakt: [sosialhjelp@ssb.no](mailto:sosialhjelp@ssb.no)

For meir informasjon om KOSTRA: [www.ssb.no/kostra/](http://www.ssb.no/kostra/)

## **Del 1. Opplysningsar om kommunen**

### **Kommunenummer**

*Feltet er obligatorisk.*

Her skal ein registrera det firesifra kommunenummeret for den kommunen sosialkontoret/NAV-kontoret er lokalisert i.

### **Ansvarleg for innhaldet i skjema**

*Feltet er obligatorisk.*

Her ein registrera fullt namn på personen som står ansvarleg for utfylling og innhald i skjema, og som skal verte kontakta viss Statistisk sentralbyrå har spørsmål eller merknader til registreringa knytt til skjema.

### **E-postadresse, skjemaansvarleg**

Her skal ein registrera den personlege epostadressa til den personen som står ansvarleg for utfylling og innhald i skjema – helst same person som under Ansvarleg for innhald i skjema.

### **Telefon**

Her skal ein registrera telefonnummeret til den personen som står ansvarleg for utfylling og innhald i skjema – helst same person som for dei to felta over.

## **Del 2. Stønadssatsar**

### **Ytes økonomisk sosialhjelp etter kommunale rettleiande stønadssatsar?**

*Feltet er obligatorisk og skal berre innehalde eitt kryss.*

Her skal det kryssast av for om kommunen yter økonomisk sosialhjelp etter kommunale rettleiande satsar. Viss det vert kryssa av for at kommunen yter sosialhjelp etter rettleiande satsar er det obligatorisk å fylle ut kva grunnlag som ligg til grunn for berekninga.

### **Kva berekningsgrunnlag ligg til grunn for dei rettleiande satsane i kommunen?**

*Feltet er obligatorisk viss det under felt 2.1. er kryssa av for Ja, for at kommunen yter støtte etter rettleiande satsar.*

*Spørsmålet skal berre innehalde eit kryss.*

Her skal det kryssast av for kva grunnlag som ligg til grunn for berekninga dei rettleiande satsane kommunen bruker til den økonomiske sosialhjelpa.

Berekningsgrunnlaget kan delast inn i følgjande alternativ; Statlege rettleiande retningslinjer og anna.

### **Når vart dei gjeldande satsane vedteke ?**

Her skal ein så langt det er mogleg registrera kva år kommunens berekningsgrunnlag vart vedteke. Med vedtak er meint når kommunen føretok den siste endringa i grunnlaget for berekninga av dei økonomiske stønadssatsane. Justeringar som følgje av årlege endringar i folketrygdas ytingar skal ikkje registrerast.

## **Del 3. Stønadssatsar per månad for hjelp til livsopphold per 31. desember 2022**

Her skal ein registrera kronebeløpet per månad for dei ulike stønadssatsane. Viss sosialkontoret/NAV-kontoret har vedteke satsar for både korttidsytingar og langtidsytingar, skal ein registrera satsane for langtidsytingar. Viss kommunen ikkje har moglegheit til å fylle ut alle felta skal merknadsfeltet nedst på skjema nyttast til å grunngje dette.

Viss sosialkontoret/NAV-kontoret har aldersspesifikke satsar, skal ein registrera den lågaste satsen for husstandskategoriene einsleg og barnetillegg. Det er stønadssatsen for eit barn som skal registrerast.

Viss barnetillegget er forskjellig for einsleg forsørgjar og ektepar/sambuarar, skal dei lågaste stønadssatsane registrerast.

## **Del 4. Utgifter som inngår i**

### **stønadssatsen for einsleg**

**stønadsmottakar utan barn** *Feltet er obligatorisk, og skal innehalde eitt kryss for alle punkt.* Her skal det kryssast av for om ulike ytingar inngår eller ikkje i stønadssatsane for einslege mottakarar utan barn. Til dømes, om

avisabonnement inngår i stønadssatsane for einslege mottakarar utan barn skal det under TV-lisens, avis og telefon kryssast av for ”Inngår”. Utgifter under punkt 4.1 gjeld utgiftskomponentane som er inkludert i beregningsgrunnlaget til dei statlege rettleiande retningslinjene. Dette handlar om utgifter til det daglege livsophald, jf. Rundskriv I-34/2001 punkt 5.1.5.1.

Utgifter under punkt 4.2 gjeld utgifter som inngår i kjerneområdet i livsophaldet, jf. Rundskriv I-34/2001 punkt 5.1.4.1.

Spørsmålet om stønad til dekning av denne typen utgifter må vurderast særskilt i kvart enkelt tilfelle. Dette gjeld også dersom stønad utmålast på grunnlag av dei rettleiande retningslinjene. Under Andre utgifter som inngår i stønadssatsen skal det spesifiserast kva andre utgifter som inngår.

#### **Del 5. Bukostnad**

*Feltet er obligatorisk og skal berre innehalde eitt kryss.*

Her skal det kryssast av for om kommunen praktiserer ei øvre grense for dekning av bukostnad (husleige).

Viss sosialkontoret/NAV-kontoret praktiserer ei øvre grense er det obligatorisk å fylle ut den rettleiande øvre grensa for dekning av bukostnad for einslege stønadsmottakarar. Satsen skal registrerast i kroner per månad.

**Del 6. Kva ytingar blir haldne utanfor ved utmåling av stønad**

*Feltet er obligatorisk, og skal innehalde eitt kryss for kvart av punkta. Her skal det kryssast av for om kommunen held barneytrygd, kontantstøtte eller barns inntekter utanfor ved utmåling av stønader. Dersom det er andre ytingar/inntekter som blir haldne utanfor skal det kryssast av for ”Anna” og ein skal spesifisere kva type ytingar/inntekter som gjeld her.*